

---

Saksnr: 2020/51645-9  
Saksbehandlar: Svein Hågård og Dag  
Digernes

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021
Fylkesutvalet		11.05.2021

**Styregodtgjersle for Teater Vestland AS**

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune gjer framlegg om slik godtgjersle til styret i Teater Vestland AS:

- Styreleiar: kr 60 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Nestleiar: kr 20 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Ordinære styremedlemer: kr 10 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Varamedlemer: Møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470, for kvart møte dei er til stades på.
- Den faste godtgjersla skal justerast årleg etter endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.

Samandrag

Teater Vestland AS har bedt fylkeskommunen kome med forslag til generalforsamlinga i selskapet om storleiken på godtgjersla til styremedlemene. Generalforsamlinga gjer vedtak i møte 25.05.21.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Notat frå Valnemnda - Det Vestnorske Teateret AS

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune eig 80 prosent av aksjane i Teater Vestland AS. Sunnfjord kommune eig dei resterande 20 prosentane.

Det er generalforsamlinga som fastset godtgjersle til styret i aksjeselskap, jf. aksjelova § 6-10.

Generalforsamlinga i selskapet fastsette i fjor (11.06) slik godtgjersle til styret:

- Styreleiar: 50 000 kr per år + same møtegodtgjersle som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval.
- Andre styremedlemer: Same møtegodtgjersle som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval + erstatning for ev. tapt arbeidsforteneste

Generalforsamlinga gjorde vidare slikt vedtak:

*Etter framlegg frå representant Stian Jean Opedal Davies skal Vestland fylkeskommune legge fram forslag til honorar for styreleiar og styret frå og med neste ordinære generalforsamling.*

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7. Fylkesutvalet tek avgjerd i alle saker der avgjerdsmyndige ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

### Vurderingar og verknader

#### *1 Overordna om godtgjersle*

I NUES («Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse») sine anbefalingar for eigarstyring og selskapsleiing går det fram at: «*Godtgjørelsen til styret (i selskap) bør reflektere styrets ansvar, kompetanse, tidsbruk og virksomhetens kompleksitet.*»

Fylkeskommunen si eigarskapsmelding for 2020, pkt. 1.8.1, har nokre av dei same utgangspunkta. Det heiter at fylkeskommunen forventar at selskapa utarbeider retningslinjer som m.a. omhandlar eit «*nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire. Nivået på honoraret skal henge saman med den reelle personlege risikoen kvar einskild har knytt til si rolle i selskapet, og kompetansen den det gjeld tilfører selskapet.*»

Styremedlemene si godtgjersle skal altså m.a. reflektere ansvaret og risikoen som følgjer med vervet. Samtlege styremedlemer i eit aksjeselskap kan etter omstenda kome i erstatnings- og straffeansvar for handlingar eller unnlatingar dei gjer som styremedlemer (styreansvaret), jf. aksjelova § 17-1 og § 19-1. Det skal generelt mykje til for å bli erstatningsansvarleg og endå meir for å pådra seg straffeansvar.

#### *2 Teater Vestland AS*

Teater Vestland AS er eit robust selskap som i det vesentlege er finansiert av det offentlege. I 2019 var heile 28,5 mill. kr av omsetnaden på om lag 30 mill. kr tilskot frå stat, fylkeskommune og kommune. Risikoen for at selskapet skal drive for kreditorane si rekning eller gå konkurs, noko som kan utløyse styreansvaret, må karakteriserast som ubetydeleg. For tida er styremedlemene sitt erstatningsansvar dessutan dekt av fylkeskommunen si styreansvarsforsikring.

Vervet som styremedlem Teater Vestland AS er normalt ikkje særskilt tidkrevjande. Under normale omstende har styret ikkje meir enn ca. fire styremøte i året. Styret - og særskilt styreleiaren - har dei siste åra har ein del ekstrajobb med førebuing av flytting til nye lokale i Nynorskhuset i Førde. Den ekstra arbeidsbelastninga styreleiaren vart påført i fjor som følgje av dette, har han motteke ekstra godtgjersle for.

Verksemda er vidare ikkje særleg kompleks eller innfløkt å forstå seg på. Teater Vestland er eit regionteater med totalt ca. 31 årsverk (2019) og driv med turnéverksemd i heile Vestland fylke. Teateret produserer 5-7 premierer og presenterer rundt 250 framsyningar og arrangement årleg.

På bakgrunn av dei nemnde forholda legg fylkesrådmannen til grunn at godtgjersla for styret i Teater Vestland AS framleis bør vere moderat.

### *3 Samla vurdering*

Styreleiaren i eit selskap har eit vesentleg større ansvar og fleire oppgåver enn dei andre styremedlemene. Ved sidan av å leie styremøta, skal vedkomande m.a. syte for at sakene som vert lagt fram for styret er forsvarleg opplyst. Leiaren er også ofte den som frontar selskapet utad, t.d. i media. Fylkeskommunen som eigar bør dessutan forvente at ein styreleiar har eit aktivt tilhøve til verksemda. Fylkesrådmannen meiner vidare at godtgjersla i nokon grad bør spegle talet på møte. Ut frå desse tilhøva føreslår fylkesrådmannen at **styreleiaren si årlege godtgjersle skal utgjere kr 60 000, pluss møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats.**

Nestleiaren i eit aksjeselskapsstyre har som utgangspunkt ikkje større arbeidsbyrde og ansvar enn dei andre styremedlemene, men fordi vedkomande er leiaren sin avløyser bør vedkomande ha noko større godtgjersle enn dei andre styremedlemene. **Fylkesrådmannen føreslår at nestleiaren si årlege godtgjersle skal utgjere kr 20 000, pluss møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats.**

Dei ordinære styremedlemene har det same styreansvaret som leiaren og nestleiaren. Slik fylkesrådmannen ser det, bør dei difor motta ei fast moderat godtgjersle som reflekterer ansvaret, uavhengig av kor mange møte dei faktisk deltek på. **Fylkesrådmannen føreslår at dei ordinære styremedlemene si årlege godtgjersle skal utgjere kr 10 000, pluss møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats.**

Varamedlemene til styret bør etter fylkesrådmannen sitt syn berre motta møtegodtgjersle for kvart møte dei eventuelt deltek på.

Den faste godtgjersla til styremedlemene bør årleg justerast etter endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.

### *4 Det Vestnorske Teateret AS*

Fylkeskommunen eig også 60 prosent av aksjane i Det Vestnorske Teateret AS. Fylkesrådmannen trekkjer fram dette selskapet fordi godtgjersla til styra ved dei to teatra i framtida bør vere lik. Både ansvar, risiko, kompleksitet og arbeidsbyrde er mykje det/den same i dei to styra.

For 2019 fekk styret for Det Vestnorske Teateret AS slik godtgjersle:

- Styreleiar kr 52 000 i fast godtgjersle og kr 1200 for kvart møte.
- Nestleiar kr 26 000 i fast godtgjersle og kr 1200 for kvart møte.
- Andre styremedlemmar kr 1200 for kvart møte.

I Det Vestnorske Teateret AS vert styret sitt honorar fastsett etter innstilling frå valnemnda. Til generalforsamlinga den 27.04.21 har valnemnda innstilt på ein auke i honoraret, jf. vedlegget:

- Styreleiar: Kr 75 000 årleg, ikkje godtgjersle for kvart møte.
- Nestleiar: Kr 37 500 årleg, ikkje godtgjersle for kvart møte.
- Styremedlem og ev. varamedlem som møter: Kr 4 000 kr per møte.

Fylkesrådmannen har eit anna syn enn valnemnda i Det Vestnorske Teateret AS på korleis styregodtgjersla bør innrettast. Eg viser i denne samanheng til det som står over, særskilt under pkt. 3.

Det Vestnorske Teater AS skal ha generalforsamling 27. april, medan fylkesutvalet treff avgjerd i den føreliggjande saka først 11. mai. Fylkesutvalet får difor ikkje høve til å instruere fylkeskommunen sin eigarrepresentant i Det Vestnorske Teateret AS om korleis vedkomande skal røyste på generalforsamlinga i selskapet 27. april.

**Økonomi:**

Ingen verknad for fylkeskommunen.

**Klima:**

Ingen verknad.

**Folkehelse:**

Ingen verknad.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ingen verknad.

**Konklusjon**

Fylkesrådmannen føreslår at godtgjersla til styret i Teater Vestland AS vert fastsett slik det framgår av saksutgreiinga og innstillinga.

Godtgjersla til styret i Det Vestnorske Teateret AS bør vere identisk med godtgjersla til styret i Teater Vestland AS.